

## Unik bioteknologisk satsing på Skaganeset

Sotra Marine Industrinettverk (SMI) ønskjer å utvikle ei sterk marin klynge, etter subsea-modellen på Ågotnes. Ei satsing på eit bioteknisk forskingssenter på Skaganeset vil vere eit viktig bidrag.



Ny fabrikk underveis på Skaganeset. Her kan det kome eit marint forskingsbasert produksjonssenter for bioteknologi. Foto: Marine Bioproducts/Biomega.

SMI vart etablert på tampen av 2009 og har i dag 20 medlemsbedrifter, frå fiskeri og oppdrett til restaurant og kafé-drift. Gode Sirkclar har vore ein pådrivar for å få etablert og utvikla nettverket.

- Utan Gode Sirkclar hadde det vore vanskeleg å realisere SMI. Vi har eit godt samarbeid, seier styreleiar i SMI og dagleg leiar i Biomega, Ola Flesland.

### Først i landet

På medlemsmøtet 31. august vart Marine Bioproducts sine planar om eit forskingsbasert bioteknisk produksjonssenter presenterte. I samband med at selskapet utvidar med ein ny fabrikk som skal stå ferdig rundt nyttår, kom ideen om å utvikle eit forskingssenter – som får støtte frå Innovasjon Norge.

I Bergensregionen er det eit leiande miljø innan forskning, -næring og -bioteknologi, og ein meiner at tilhøva på Skaganeset er svært gode for utvikling av eit slikt senter. Her ligg frå før bedrifter som følgjer fisken frå sjøen til matfatet.

- Dette vil bli ein teneleg stad for framstilling av nye produkt og pilottesting. Målet er at forskingsinstitusjonar òg skal kunne nytte seg av senteret, seier Flesland. Han meiner at etableringa vil trekkje fleire marine bedrifter til Skaganeset, og styrkje klynga.

Eit slikt senter vil vere viktig for utviklinga av ei marin klynge. Det er søkt om støtte frå Hordaland fylkeskommune til eit forprosjekt for å kartlegge om det er eit grunnlag for ei marin næringsklynge på Skaganeset.

### Vil ha fleire medlemmer

På medlemsmøtet vart det drøfta kva for strategi ein skal velje for å knytte til seg fleire medlemmer. Medlemskap i Vest Næringsråd er eitt av tiltaka, seier Flesland.

## Samarbeid trass konkurranse

- Vi må skape ei kjensle av fellesskap med konkurrentane våre, sa dagleg leiar Trond Wisnes Nilsen i Sotra Contracting på Industrikafeen 8. september.

Korleis bør teknisk og mekanisk industri organisere seg, og korleis kan ein møte markedet? Det var tema for den første Industrikafeen i regionen, i regi av Kompetanseforum Vest.

Forumet er eit samarbeid mellom industribedriftene, Gode Sirkclar og Høgskolen i Bergen. Målet er å auke konkurranseevna gjennom samarbeid.

### Tenk fellesskap

- Kompetanse kostar, men kva kostar inkompetanse? spurte Wisnes Nilsen. Han peika på at bedriftene bør utveksle kompetanse og erfaringar for samla å framstå med meir tyngde.

- Om ein misser eit oppdrag, er det feil å gle seg over at heller ikkje naboverksemda fekk det. I Stavanger er dei nøgde når regionen får oppdraget, og ikkje Bergen. Vi må òg skape ei slik kjensle av fellesskap, la han til.

- Vi med grått hår har sett at andre regionar vinn på at dei får til samarbeid, kommenterte leiar for programkomiteen, Frank Karlsen i Karlsen og Sønn.

Wisnes peika på at nettverksbygging er viktig, og dagleg leiar Per C.

Aarsand i Vest Næringsråd tok til orde for eit samarbeid. Dette støttar Ivan Ole Moldskred, prosjektansvarleg i Gode Sirkclar.

- Frå å arbeide internt med å etablere eit nettverk, er det no naturleg å verte meir synlege og presentere oss. Det kan vere aktuelt å organisere seg som eit forum under Vest Næringsråd, seier Moldskred.



Få med dei store og vis musklar, råda Hege Økland, prosjektleiar for nettverket Maritime Clean Tech West i Sunnhordland på Industrikafeen til Kompetanseforum Vest.

### Få med store verksemdar

Hege Økland, leiar for SNU, næringsutviklingselskapet til Stord og Fitjar kommunar, presenterte arbeidet med nettverket Maritime Clean Tech West. Satsinga fekk Arena-status i vår, med 6,6 millionar kroner offentlege midlar over tre år. Samarbeid står sentralt.

Økland råda Kompetanseforum Vest mellom anna til å inkludere dei store aktørane.

- Det kan vere aktuelt å invitere aktørar som FMC Technologies til den neste industrikafeen, seier Moldskred.

## Fiskarbondens Marknad – god marknadsføring

Strilalam var ein av utstillarane på Fiskarbondens Marknad i september. Fram mot jul held dei ope på Algrøy kvar kveld, i tillegg til laurdagar.

- Fiskarbondens Marknad er god marknadsføring. Pinnekjøtet har vi snart nok bestillingar på, det sel seg sjølv – folk ringjer i romjula og bestiller til neste år. Men det er framleis mogleg å få pinnekjøtt til jul, seier dagleg leiar Evelyn Heldal Sommer i Strilalam.

Fiskarbondens Marknad har vore arrangert ei rekkje gonger i Sartor Storsenter, på initiativ frå Kysteventyret – som er eit reiselivsprosjekt i regi av Gode Sirkclar. Målet er å fremje dei lokale matprodusentane og bidra til auka lønnsemd.

Det er travle tider for dei seks bøndene i Strilalam, som i desse dagar er opptekne med slaktning. Utsalsstaden på Algrøy er open kvar kveld og laurdagar fram til jul.

- Vi sel mellom anna bog, lammelår, kotelettar og fårrikålkjøtt, seier Heldal Sommer.

Neste Fiskarbondens marknad er laurdag 26. november. Der vil du finne lokalproduserte matvarer og handverksprodukt.

Kirsti Johanne Bach frå Urtemakeriet er ein av utstillarane. Ho sel mellom anna steinovnsbakte brød og urtehorn, og fortel at ho har selt opp mot 500 urtehorn og 300 brød på ein marknad.

- Eg merkar at det kjem fleire gjestar til utsalsstaden på Algrøy etter ein slik marknad, seier Bach.

Urtemakeriet har ope laurdagar.



På Fiskarbondens Marknad finn du kortreiste matvarer. Foto: Sartor Storsenter



## Vitja Gjerdet Kulturminnegard

Museumssenteret i Hordaland vitja Gjerdet Kulturminnegard 29. august. Der fekk dei innsyn i lokalhistoria og ei orientering om Gode Sirkclar sitt arbeid med å utvikle staden som ei eiga næring knytt til kunst og kultur. Dei fekk òg smake lokale matprodukt.